

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 28.03.2019

### Orienteringar

Hordaland Teater – inn i ei ny tid  
v/teatersjef Solrun Toft Iversen og styreleiar Pål W. Lorentzen.

### Åpen time.

**Roald Kvamme (A)** sette fram slikt oversendingsforslag til fylkerådmannen:

#### «Klimastreiken

Torsdag 14. og fredag 22.mars mobiliserte fleire tusen skuleelevar til klimastreik. Kravet frå ungdomane er klårt og tydeleg, dei forventar at det vert tatt ansvar for å få ned klimagassutsleppa. Vi må gjera endå meir enn i dag for å nå 1,5-gradersmålet, og difor er det inga overrasking at ungdomane stille krav til dagens politikarar og andre som kan medverka til det grønne skiftet og ei berekraftig utvikling.

Elevdemokrati og ungdomsmedvirkning er viktig for Hordaland fylkeskommune. Det er ei målsetting at ungdomar skal kunne delta i politisk arbeid og påverka politiske prosessar. Derfor er det uheldig at dagens nasjonale fraværsregler vert opplevd som lite fleksible og at det legg avgrensingar på dei unge sitt engasjement. Sjølv om det finnes ei rekkje saker som ungdom engasjerer seg i, er klimakampen i ein eigen kategori. Det vil vera vanskeleg å skulla skilja mellom ulike saker og aktivitetar men det er liten tvil om at klimakampen er ei av dei viktigaste sakene for ungdom i åra som kjem.

Fylkesutvalet vil oppmoda dei vidaregåande skulane om å leggja til rette for at elevane kan engasjera seg i viktige samfunnsspørsmål og at ein syner fleksibilitet ved praktiseringa av fraværsreglane. Når det gjeld dei aktuelle markeringane så bør ein kunna finna ei løysing slik at elevar som deltok her ikkje vert registrert med fråver.

Fylkesutvalet ber om at det vert lagt fram ei sak om dette til neste møte.»

Kvamme sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt utan realitetsbehandling

**Roald Kvamme (A)** sette fram slikt oversendingsforslag til kontrollutvalet:

«Fylkeskommunen sine anskaffelsesprosesser skal gjennomførast slik at verksemder som medverka til å oppfylle kontraktar for fylkeskommunen følgjer det regelverket som er fastsett.

Det vert bedt om ei sak der ein får ein gjennomgang av nokre utvalde ferjeandbod om korleis kontrakten og anskaffelsar er gjennomført i høve til regelverket og korleis ein fylgjer opp dei ulike krava i kontraktsperioden.»

Kvamme sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt utan realitetsbehandling.